

26.08.2014

Hordaland fagskulestyre
P. boks 7900
5020 Bergen

FAGSKULETILBOD I SPESIALREINHOLD INNAN HELSETENESTENE SØKNAD OM Å FÅ GODKJENT NETTBASERT TILBOD.

Fusa fagskule vil med dette be om høve til å levera NOKUT-søknad innan 15.09.då om godkjenning av ein **nettbasert** variant av vårt NOKUT-godkjente fagskuletilbod i Spesialreinhold og sterilforsyning innan helsetenestene.


I skrivande stund har Fusa fagskule 1 klasse på 15 studentar i Spesialreinhold og sterilforsyning, dei starta hausten 2013 og skal vera ferdig neste vår. Me valde å ikkje ta opp nye studentar denne hausten for å kunna konsentrera oss om god gjennomføring av den første klassen. Så langt er tilbakemeldingane svært gode.

Men frå ulike sjukehus / spesialisthelsetenesta i Norge er det kome spørsmål om å kunna nytta Fusa fagskule sin fagplan, ev å kunna samarbeida om nettbaserte tilbod. Det vil gjera det mogeleg å nytta den faglege kompetansen og det faglege opplegget som ein no utviklar saman med Helse Bergen, til beste for andre miljø.

Fusa fagskule ønskjer å framleis tilby stadbaserte utdanning, men altså i tillegg kunna gje eit nettbasert tilbod: Eitt stadbasert i Hordaland for dei som har høve til å møta til klasseromsundervising ein dag i veka, og eitt nettbasert tilbod, med nokre storsamlingar (ev. saman med den stadbaserte klassen) kombinert med nettstøtte, virtuelle forelesingar i sann tid og streaming / opplasting av andre leksjonar. Mange av arbeidsformene som vert nytta på it's learning elles i dagens modell, kan enkelt applikerast til ein nettbasert variant. Den digitale kompetansen hos Fusa fagskule og vår lærarar er høg, og her er mykje erfaring på nettstøtta undervising.

Denne søknaden vert sendt i forståing med fagmiljøet både på skulen og på Haukeland Universitetssjukehus.

Med helsing



Tor Johannes Hjertnes
Administrativ leiar



Mette Holmeffjord Olsen
Avdelingsleiar